



## Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune  
Pb 7900  
5020 BERGEN

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/innvalnsnr:  
Hilde Gunn Stenseth - 56520207

Vår referanse:  
2010/139873-012

Dykkar referanse:

Vår dato:  
20.05.2014

### **Vedkomande krav i føresegnene til reguleringsplan for ny vidaregåande skule på Skulehaugen i Voss kommune - krav gjeld gjennomføring av trafikktryggingstiltak før skulen vert teken i bruk**

Statens vegvesen viser til reguleringsplan for Skulehaugen, P-ID 09010.

I føresegnene til planen punkt 1.1.4 står:

«Det skal parallelt med planane for skulesenter utarbeidast planar for bygging av nytt parkeringshus i grushaugen under Vangen skule. Det skal samstundes utarbeidast planar for nytt trafikkmonster frå Uttrågata og til/frå Skulehaugen. Nytt trafikkmonster skal bygge på konklusjonane i

- trafikkanalysen utarbeidd av Sivilingeniør Helge Hopen AS, dagsett 15.04.2011.
- prosjekt "Frå veg til gate" i regi av Vossapakko og Statens vegvesen.
- prosjekt "Sykkelpplan for Voss sentrum" i regi av Statens vegvesen og Voss kommune.

Ny videregåande skule kan ikkje takast i bruk før ny tilkomst og ny løysing av trafikksituasjonen i Uttrågata/Lekvemogata er ferdigstilt. Dersom arbeid med ferdigstilling av endra trafikkmonster vert forsinka må det etablerast mellombelse løysingar som sikrar trygg trafikkavvikling til nytt skulesenter med særskild fokus på mjuke trafikantar. Ei eventuell mellombels løysing skal godkjennast av Statens vegvesen og Voss kommune.»

Statens vegvesen er opptekne av at dette kravet i føresegnene vert fylgt opp, og at ei best mogleg løysing for trafikktryggleiken er på plass før ny vidaregåande skule vert teken i bruk.

Me ber om ei attendemelding på kor langt de er komne i denne prosessen og på framdriftsplanen for arbeidet.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Askedalen 4  
6863 Leikanger

Telefon: 02030  
Telefaks: 57 65 59 86  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Flyplassvegen  
5705 VOSS

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Landsdekkende regnskap  
9815 Vadsø  
Telefon: 78 94 15 50  
Telefaks: 78 95 33 52

Plan & Forvaltning Voss Hardanger  
Med helsing

  
Carl Erik Nielsen  
Seksjonssjef

  
Hilde Gunn Stenseth

Kopi: Voss kommune